

**Ros også frå politiet**

04.08.2014

**Alle er fulle av rosande ord om Festidalen og avviklinga - det gjeld også lensmannen som har positiv attest til arrangøren om godt vakthald og god organisering.**

**7 politifolk var i teneste og i tillegg til dei lokale var ein UP-patrulje og 2 frå Odda her. Laurdag var politibåten til Hordaland innom men heller ikkje dei hadde noko å bemerke.**

Det vart halde promillekontrollar og 100 vart kontrollerte men ingen hadde promille. 2 førarkort vart beslaglagte - det eine i Uskedalen.

På festivalområdet var det ein episode som truleg vert følgd opp av politiet,

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen